

FORSIDEN / STORSATSING MED BILVERKSTAD PÅ VALDERØYA



Konkurransen: For å lodde stemninga før opning har Karl-Johan Krogen sett i gong konkurransen om gåvekort på Facebook før han realiserer draumen om eige storbygg på Valderøya. **FOTO: JUNE R. JOHANSEN**

Storsatsing med bilverkstad på Valderøya

I alle år har Karl-Johan Krogen (46) selv bruktbilar heimanfrå. No satsar han alt.

NÆRINGSILIV

Charlotte Karlsen
Mobil: 40490755

Publisert: 07.04.2015 06:10

Sist oppdatert: 07.04.2015 06:16

I alle år har Karl-Johan Krogen (46) selv bruktbilar heimanfrå. No satsar han alt.

15

- Bruksarealet er 650 kvadratmeter. Det er stort og kan ta over 500 kundar i dekkhotellet, fortel Krogen.

I slutten av månaden planlegg han å opne sin splitter nye kombinasjonsverkstad ved Gjøsundet på Valderøya. Der skal det blant anna vere dekkhotell og serviceverkstad.

- Og sal av bruktbilar og dekk skal sjølvsagt halde fram, forsikrar han.

▼ANNONSE

Satsing

For over 26 år sidan, før han sjølv fylde tjue, starta han så smått eit eige firma frå Nordstranda på Valderøya. Ei stadig utviding med merker og modellar har etter kvart ført til at han synest det var på tide å satse.

- Det har vore ei utfordring å ha nok bilar til å drive ei forretning, for bilar kostar. Dessutan har plassen avgrensa kor mange bilar eg kan ha, seier Krogen.

Det er mykje difor han no vel å utvide. Dei tolv bilane han har på marka si blir del av ein større bilpark på dei 1.700 kvadratmeterane utfor dei nye lokalene.

- Ja, det vert mykje no, men behovet er her. Det finst ikkje noko anna klimatisert dekkhotell her ute, og alle i Ålesund er fulle, hevda Krogen, som meiner dekk frå konteinrar versus klimatiserte forhold er som å samanlikne telt og hotell.

- Verkstaden er på 450 kvadratmeter, der det vil vere skilje mellom verkstad og butikk.

- I andre etasje er det dekkhotell og kontor, fortel han.

Dekkhotellet er operativt no i dekkskiftesesongen, før opninga om nokre veker.

- Eg har drive med bilar på fulltid i 10–12 år, så det er på tide, synest Karl-Johan Krogen.

Mykje arbeid

Før rebels er han einaste tilsett i firmaet, men med ein serviceavtale med Thermoking i fylket i tillegg til tilboda i senteret på Valderøya, ser han føre seg å setje i gong ein tilsetjingsprosess om ikkje altfor lenge.

- Vi må nok ha tre-fire tilsette etter kvart. Thermoking er verdas leiande produsent av thermoagggregat til lastebilar, og den avtalen kan bli svært stor. Vi skal ha all nymontering av aggregat på Skåla mellom Åndalsnes og Molde, fortel han.

Mer å lese på [smp.no](#):



Havila med
raude tal



Selger godt
med humor



Det grøne
skifte

Fakta

Krogen Bil AS

Krogen Bil AS har sold bruktbilar, i hovudsak nyare europeiske, sidan 1988.

I utgangen av april 2015 opner han nye lokale ved Gjøsund på Valderøya.

Det skal huse bilbutikk, klimatisert dekkhotell, dekkbutikk og serviceverkstad.

Krogen Bil har òg signert serviceavtale med Thermoking, verdas leiande produsent av transportkjøleaggregat.



NYBYGG: Her kjem dekkhotell og serviceverkstad.

FOTO: JUNE R. JOHANSEN

▼ANNONSE

Villmarkskniven
Lakse-premiere!
Troll av tegnatur 19
VERDI 599,-
8 utg + Villmarkslivkniven
kun 298,-
Bestill nå!

Liker 351 liker dette. Bli den første blant dine venner.

Sunnmørsposten ønsker en åpen og saklig debatt. Alle innlegg blir kontrollert etter publisering. Vi forbeholder oss retten til å forkorte, redigere og fjerne innlegg. Ditt fulle navn må enten gå fram av epost-adressen eller oppgis som brukernavn/Facebook-profil

SISTE NYHETER



[LES MER](#)

Fornying i det grøne
På Nordfjordeid varmar dei opp hus med fjordvarme, men snart kan hestemøkk frå fjordhestsenteret også gi energi til nye hus. – Fornybar energi er ikkje berre framtida. Det er no, seier gründer Stephan ter Stege i miljøteknologibedrifta ReNorway.



Legg til en kommentar ...

Publiser på Facebook også

Publiser som **Jan Magne Nakken** • [Kommenter](#)



Lillian Nærø Iversen • [Følg](#)

Gratulerer Kalle !! :D Syns du e knalltøffe :)
Svar • Liker • 2 • [Følg innleget](#) • 7. april kl. 20:53



Sindre Tilsteth • [Sykkylven](#)

Gratulerer Karl-Johan.
Svar • Liker • 2 • [Følg innleget](#) • 7. april kl. 10:05



Roy Arne Stave • Daglig leder hos Stave mur as
Kjekt å se at folk satser på det de tror på.

Svar • Liker • 2 • [Følg innleget](#) • 7. april kl. 14:50



Kay Hansen

Hei det er riktig store. Gratulerer til nye bygning. (Y)
Svar • Liker • 2 • [Følg innleget](#) • 7. april kl. 22:01

Sosial tilleggsfunksjon for Facebook



Trekk grillburger etter salmonella-mistanke

[LES MER](#)



Opptur for gangveger offshore

Hvis du noen gang har prøvd å bevege deg fra et lite fartøy til et annet i tung sjø, vet du at det er lurt å hoppe idet bølgen er som høyest. Men ikke uten risiko. Dette kan gutta i Uptime International AS alt om. De har utviklet en gangveg som kompenserer for plutselige bevegelser fra vind, sjø og fartøy.

[LES MER](#)



Pyro fyrer ikkje for kråkene
Det starta med oljekjeler til oppvarming av båtar. Skipsbyssene til Pyrofabrikken vart eit omgrep i mange tiår. 64 år etter starten er varmtvannskjelene framleis sjølve kjernen, men er sett saman i eit miljøvennleg system som utnyttar varmen enda betre. Kråkene frys.

[LES MER](#)



Sævik kjøper seg inn i nettavis

[LES MER](#)



Her møtest hundrevis av bilar

[MYKJE BIL SKAL SAMLAST 1. MAI](#)




Bil av vegen ved forbikøyring

POLITIET TOK FØRARKORTET



Disse skal tale 1. mai

[HER ER HELE LISTA OVER TALERE PÅ 1. MAI-ARRANGEMENT PÅ SUNNMØRE](#)



Lanserer instagram-album

[13 LÄTER OG 13 MUSIKKVIDEOER PÅ 15 SEKUNDER HVER. FØRSTE LANSERES I DAG](#)



Kritiser politivedtak – EIT SENSAJONELT DÅRLEG POLITISK HANDVERK



Sævik kjøper seg inn i nettavis

[LES MEIR](#)



Åpner nye Fjellstua

[- FREDAG ÅPNER VI. HELT GARANTERT, ER LOVNADEN FRA BYENS FUNKIS-IKON](#)



Troppet opp med hest, fikk gratis pizza

[JENTENE TOK PIZZAKJEDEN PÅ ORDET](#)



Bli med på ekstrem klimaforskning i Arktis

[SE VIDEO](#)



Bur stort sett trygt

[SJEKK SKREDFAREN I DIN KOMMUNE](#)

Ansvarlig redaktør
Hanna Relling Berg

Nyhetsredaktør
Sindre Halkjelsvik

Kultur&reportasjeredaktør
Kristin Knudsen

Samfunnsredaktør
Jan Erik Røsvik

SMS/MMS
95 400 400

E-post
95400400@smp.no

Kundesenter
70 12 00 00

abonnement@smp.no

facebook.com/smp

twitter.com/smpno

[Abonner på RSS-nyheter](#)

Sunnmørsposten arbeider etter *Vær Varsom*-plakatens regler for god presseskikk.

Sunnmørsposten har ikke ansvar for innhold på eksterne nettsider som det lenkes til.

[Datapolitikk og personvern](#)

Alt innhold er opphavsrettslig beskyttet 2015 © Nyheter fra Sunnmørsposten - Nordvestlandets største avis